

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA-X03	23/584

Saknr	Utval	Type	Dato
072/2023	Formannskapet	PS	11.09.2023

Tilskot frå Masfjorden kommune til TV-aksjonen 2023 - Redd Barna

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert løyvd krone 15.000,- til TV-aksjonen 2023 til Redd Barna sitt arbeid.

Midlane vert teke frå disposisjonsfondet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

TV-aksjonen NRK 2023 går til Redd Barna sitt arbeid for barn.

Pengene frå TV-aksjonen NRK 2023 går blant anna til:

- å gje born moglegheit til å gå på **skule**
- å **gjenforeine** born med familien dei har kome bort frå
- å støtta **tidlegare barnesoldatar**
- **leikerom** der born kan utfolda seg og vere trygge
- hjelp til born å **handtere vonde opplevingar**
- **helsehjelp** og riktig **ernæring**

Pengene skal fordelast mellom prosjekter i **Ukraina, Syria, Bangladesh, Sør-Sudan, DR Kongo og Norge**

Årets TV-aksjon går av stabelen 22.oktober. for meir informasjon om kva pengane skal gå til viser ein til følgjande nettside; <https://tvaksjonen.no/aktuelt/dette-gaar-pengene-til-2023/>

I 2022 i formannsakssak 083/2022 vedtok formannskapet samrøystes om å auka løyvinga til TV-aksjonen til krone 15.000 frå og med 2022. Administrasjonen legg difor denne summen til grunn i tilrådinga.

Vurdering

Rådmannen vil vise til at Masfjorden kommune i mange år har gjeve bidrag til TV-aksjonen, og meiner at Redd Barna sitt arbeid slik det er skildra ovanfor, for å hjelpe barn i mange land er viktig.

Ei løyving på kroner 15.000,- til TV-aksjonen 2023 kan takast over kommunen sitt disposisjonsfond.

Konklusjon

På bakgrunn av fjorårets drøfting i formannskapet rår rådmannen til at det vert løyvd krone 15.000,- til TV-aksjonen 2023 til Redd Barna sitt arbeid.

Formannskapet - 072/2023

FS - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Det vert løyvd krone 15.000,- til TV-aksjonen 2023 til Redd Barna sitt arbeid.

Midlane vert teke frå disposisjonsfondet.